

Frå pkt 10 a

Tenestemodellen			
Rådgjevande organ	Tilsyn	Juridiske organ	Oppgåver
Kyrkerådet		Kyrkjestyre (no: kyrkjemøtet) Indirekte valde frå prostistyra og tilsette	Øvste leing i kyrkja. Felles reglar, retningsliner for DNK. Vedtak i lærespørsmål, liturgi osb. for heile DNK
Samisk kyrkeråd			
Mellomkyrkjeleg råd			
Bisperådet (bispemøtet)			
Partssamansette utval	Biskop m. bispe- kontor Prost	Prostistyre Indirekte valde frå sokneråda og tilsette	Lønnskantor for sokna Økonomikantor for sokna Kompetansesenter for sokna Samarbeidsorgan for sokna Overta nokre av oppgåvene bispedømet har i dag.
	Tilsyn		
Soknemøte	Råd	Sokneråd Direkte valde	Arbeidsgjevaransvar for tilsette i soknet Ansvar for gudstenesteliv og kyrkjelydsarbeid i soknet Budsjettansvar Rett til å tilsetja og laga stillingsinstruksar Tilsyn med bygningar Kontakt med kommunen
Utval /nemnder	Rettleiing		
	Kurs		
	Medverka til tilsetjingar i vigsla stillingar		

Samnanger har også i høyring i 2015 gjeve uttrykk for at dei ynskjer ein **tenestemodell** som ikkje flyttar makta lenger vekk frå sokna, men som har eit tenestekontor i kvart prosti. Dette kan heva kompetansen til sokna og letta arbeidet til kyrkjevevjerer i små kommunar som må ha greie på svært mange arbeidsområde.

Men også denne modellen er avhengig av at prostia ikkje vert for store og sokna ikkje vert for små.

Om tenestemodellen

Me ynskjer eit prostikontor som kan fungera som eit tenestekontor for dei ulike sokna. Her kan me ha eit kompetansesenter, der me hentar tenester og fagkompetanse. Me kan ha felles økonomikontor, personalkontor, og folk med kompetanse på bygg og vedlikehald. Det bør også vera teologisk leiarkompetanse på dette nivået, for å kunna stetta prestane sitt behov for rettleiing og støtte og hjelpa sokna med kyrkje- og gudstenestepanlegging. Kyrkjegardane kan også verta drifta frå dette kontoret, med personale som er ekspertar på dette. Prostistynet skal vera eit samarbeidsorgan for sokna og ha overordna arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i sokna. (Klagesaker, meklingar, kompetanse på arbeidsgjevarspørsmål)

Samstundes vil me behalda det lokale sjølvstyret i stor grad. Flest mogeleg ressursar må tilførast soknet, der kyrkja sitt eigentlege oppdrag skal utførast. Det gjeld både økonomi og personell! Soknerådet må framleis ha råderett over økonomien, men kan betala tilskot til prostiet for ulike tenester.

Frå pkt. 48

Me ynskjer difor igjen å peika på ein modell med tenestekontor på prostinivå og framleis reell makt i sokna der det meste av kyrkjeleg arbeid går føre seg. Me meiner ein slik modell, vil kunna gjera at sokna får nytta seg av fagkunnskap i prostiet til å fungera betre og ta betre vare på personell, bygg og gravplassar. Dette vil minka konfliktnivået i kyrkja og frigjera tid og krefter til å kunna konsentrera seg om kyrkjelydsarbeid / det åndelege livet i soknet.

Døme:

Byggekspertar frå prostiet kjem og gjer vurderingar av vedlikehalds-behov på ei kyrkje. Soknet brukar dokumentasjonen til å skaffa midlar til arbeidet hjå kommunen. Byggekspertane tek seg av anbuds-prosessen og held oppsyn med sjølve vedlikehaldsarbeidet. Byggekspertane tek avgjerder undervegs i samråd med dagleg leiar i prostiet. Byggekspertane lagrar rapport om arbeidet i kyrkjebyggdatabasen. Soknet betaler rekninga for arbeidet.